



NOTAT

| | | | | | | | |
|-------------------|---------|---------|--------------|-----------|-------------|------------|---|
| Arkivsakid-doknr: | 22/10-3 | Saksh: | Gunnar Elnan | Arkivkode | Dykkar ref. | Dato: |  |
| Journalpostid: | 22/3425 | Telefon | 47612205 | FST-012 | | 10.03.2022 |  |

Årsmelding 2021-vedteken utgåva

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del
2. Generell del
3. Viltforvaltning
 - 3.1 Villreinforvaltning
 - 3.1 Elgjakt
 - 3.1 Småviltforvaltning
4. Fiskeforvaltning
 - 4.2 Fiskeutsetting
 - 4.2 Prøvefiskeresultat
 - 4.2 Garnfiskestatistikk
 - 4.2 Kalking
5. Fjellstyrehyttene
 - 5.1 Hyttestyret
6. Beiteleiga
7. Anna

1. Økonomisk del

Førebels utdrag av rekneskapsresultatet for 2020 og 2021 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:
Resultat og balanse

| Kontogruppe | 2021 | 2020 |
|--------------------|--------------|--------------|
| Salg | 1 735 960,41 | 1 182 800,40 |
| Varekjøp | 3 920,00 | 1 470,00 |
| Lønn | 82 063,15 | 82 506,94 |
| kostnader | 998 808,49 | 1 022 729,03 |
| Driftsresultat | 651 168,77 | 76 094,43 |
| Finansinntekter | 10 634,00 | 18 646,00 |
| Finanskostnader | 346,82 | 337,86 |
| Disponeringer | 0,00 | 94 402,57 |

Kommentar:

Her viser hovudtala frå rekneskapet samanlikna med tala frå året før. Rekneskapet for 2021 er førebels og ikkje avslutta frå rekneskapsførar enno. Årsresultatet viser eit førebels overskot med kr 651 168.

Inntektene:

Raden «Salg» omfattar tilsaman 7 postar der inntekt frå villreinkort, småviltkort, elgjakt og fiskekort, er dei viktigaste postane.

- Auke i inntekt frå året før skuldast i hovudsak høgare inntekt frå villreinjakta og at det vart opna for småviltjakt.
- Inntektene frå fiske var og høgare enn i 2020. Det er registrert ei auke på 124%. *Fordelingsnøkkelen er ei prøveordning som skal evaluerast etter sesongen 2021. Auka inntekt er nok ein «korona-effekt» der mange har feriert i Noreg. I tillegg er ordninga med kjøp av kort på nett vorte meir kjent og ålment i bruk.*
- Miljødirektoratet oppmoda kommunane rundt vidda til å opna for jakt på elg og hjort i terreng der det er arealoverlapping med villreinens arealbruk. Dette er eit tiltak for å redusera mogleg spreiding av skrantesjuka. Resultatet vart at det er godkjent elgvald i fjellet, kalla Eidfjord fjellvald, der statsallmenninga inngår. Fjellstyret vart tildelt 2 fellingsløyve sist haust.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostar er knytt til drift og omfattar kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskapstenester, godtgjersle for politisk arbeid og kontingent til Norges fjellstyresamband.
- Vedlikehald av hyttene er og ein stor utgiftspost. Frå hyttestyret vert det rapportert følgjande aktivitet;
 - Taket på førarbua på Gamla Sandhaug er teke att. Dette er gjort for å gjera bua tørrare. Det står att arbeid inne.
- Auka sal via iNatur inneber og auka provisjonskostnad.

I forhold til budsjett 2021 har hyttestyret brukt litt meir pengar enn budsjettert. Rekneskapet er ikkje gått gjennom i detalj, men lista opp noko av det som er sett på:

- Taket på Førarbua på Gamla Sandhaug vart reparert. Tiltaket er eit forsøk på å få bua tørrare.
- Innkjøp av ein del ved for 2022 er gjort på 2021 budsjett og gjev ein meirkostnad. Veden er frakta opp til Tinnhølen og lagt i lagerhuset.

Investeringar:

Det er ikkje gjennomført tiltak som er å rekna som investeringar.

2. Generelt

Fjellstyret har helde 8 styremøte, 2 av desse vart helde som e-postmøte. Det er handsama 37 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret, www.eidfjord-fjellstyre.no

3. Viltforvaltning

3.1 Villreinformvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er;

Hovudmål:

- produsere 2.000 – 2.500 kalv årlig (målt ved kalvetelling)

Delmål:

- simleandelen på 40% (målt ved strukturtelling)
- bestandsstorleik maks 12.000 før kalving.
- halde ein mest moleg stabil bestandsstorleik over tid.

Målsetjinga har vore sett tilside grunna skrantesjuka. Denne prega fellingskvota som vart fastsett. Det har vore eit overordna og samstemt mål å redusera delen eldre bukk i stamma for å hindra spreining av skrantesjuka. Resultatet vart kvote fordelt som 50% bukk- og 50% fridyr. Samla kvote vart sett til 8000 fellingsløyve med rett til å fella kalv på kvart fellingsløyve. Fjellstyret vart tildelt 547 fellingsløyve. Bakgrunnen for denne kvota var Mattilsynet og Miljødirektoratet sitt sterke press for å ha dokumentasjon i form av nok prøver for å kunna friskmelda Hardangervidda for skrantesjuka. Hardangervidda reinen er ikkje friskmeld enno.

Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenningen. Stor fellingskvote og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret

avgrensa talet jegerar på allmenningen til 130. Fjellstyret hadde ordning med kortbank, denne var lite brukt.

På kvota til fjellstyret vart det felt 366 villrein.

| | Kalv | 1½ år | 2½ år og eldre | Sum |
|---------|------|-------|----------------|-----|
| Hanndyr | 27 | 3 | 45 | 75 |
| Hodyr | 26 | 11 | 71 | 108 |
| Sum | 53 | 14 | 116 | 366 |

Fellingsresultatet viser at det i enkelte flokkar var lite bukk og at denne var vanskeleg å få tak på. Når det gjeld allmenninga sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote og vart da på 33,5%.

Dyra hadde i haust eit meir nordleg trekk og var i fleire veker heilt opp mot Rv7. Det var og flokkar som trekte vidare vestover på privatområda. Dette resulterte i spreidde dyr og jaktmoglegheiter over fleire område.

Fredningssona vart vedteke vidareført slik den vart justert i 2020. Det er ikkje kome mykje reaksjonar. Fredningssona kunne opphevast frå 20. september på vilkår. Grunna situasjonen med skrantesjuka, vart fredningssona oppheva for alle med fellingsløyve stempla Ha 283 og Ha 282 heimehøyrande i gamle Ullensvang.

Jakttida vart sett frå 10.08 t.o.m. 07.10 sør for Rv7, nord for Rv7 vart jakttida 20.08 t.o.m. 20.09.

Til tross for samla god jakt har Mattilsynet ytra krav om meir uttak av vaksen bukk. Vinterjakt har vore antyda, men sterk lokal motstand, gjorde at sentrale mynde ikkje følgde tilråding frå Mattilsynet. Samstundes må det påreknast at det i komande jakt vert press på lokal forvaltning for å følgja opp kravet om god dokumentasjon i forhold til skrantesjuka.

Miljødirektoratet la til rette for auka felling med å sponse uttransport av felt storvilt med helikopter. Ordninga vart godt motteke lokalt, sjølv om den ikkje var mykje brukt i statsallmenninga

3.2 Elgjakt

Statsallmenninga er del av elgvaldet Eidfjord fjellvald. Valdet vart danna for å opna for jakt på elg som bruker fjellarealet. Teljande areal er rekna opp til kote 1200 moh. Dette som eit tiltak for å hindra mogleg miljøsmitte mellom villrein og elg. Kvota til valdet var 6 dyr, 2 fellingsløyve vart tildelt statsallmenninga. Fjellstyret lyste ut elgjakta blant søkjarane til villreinjakta og vedtok at to lag med minst 4 medlemar på laget kunne søkje. Det var tre lag som søkte. Ein elgokse vart felt. Det var ikkje samjakt med dei andre medlemmane i valdet.

3.3 Småviltforvaltning

Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma fyrst i august. Takseringa gir grunnlag for om det skal opnast for jakt. Resultatet av taksering viste at det var bra med rype og det ble opna for jakt.


Fjellstyret har opna for treningsområde for fuglehund, dette tilbodet synest etter kvart å verta populært og er gjort betre tilgjengeleg med sal av kort via www.iNatur.no.

Det er inngått leigeavtale med Vestlandets Fuglehundklubb om å kunna arrangera prøve for ståande fuglehundar. Prøveområdet er om lag avgrensa av ein times gange frå bilveg. Fuglehundklubben gjennomførte prøve i haust, det vart da ikkje søkt om dispensasjon frå

vernereglane og klubben er meld til politiet. Fjellstyret har med bakgrunn i dette gitt beskjed at dei ikkje ynskjer at det vert helde prøve innanfor nasjonalparkdelen i statsallmenninga.

Rypetaksering i Eidfjord statsallmenning

Fjellstyret har sett ei grense på minst 8 rype per km² og produksjon på minst 3 kyklingar per høne for at det skal opnast for jakt.



Heiltrukne liner er linære trendliner. Produksjonen viser ein stabil trend, mens tettheit av rype er aukande. Gitt at dette er ein reell utvikling, bør jaktgrunnlaget verta meir stabilt over tid i forhold til grenseverdi fjellstyret har sett for opning av jakt.

I 2015 vart det ikkje rekna rype per km² pga lågt tal observasjonar med dårleg grunnlag.

I tillegg til taksering er uttaket av rype ein faktor å ta med i vurdering i forhold til jaktutak. Det er lagt meir arbeid i å få jaktstatistikk som grunnlag for vidare forvaltning. Førebels rapport er 536 jakt døgr og felt tilsaman 141 fjellrype og 309 lirype. Rapporteringsprosenten er rekna til om lag 97%.

4. Fiskeforvaltning

Forvaltninga av fiske har i hovudsak bestått i fiskeutsetting, prøvafiske og overvaking av kalka område. I tillegg kjem administrativ forvaltning med sakshandsaming og overvaking som i hovudsak har bestått i administrasjon av tiltak mot spreining av ørekyte, overvaking av effekt av kalking og forvaltning av garnfiskekort. Det vert lagt vekt på å få inn god garnfiskestatistikk. Resultat herfrå er viktig grunnlag for forvaltning og dokumentasjon på bruk av fiskerettane i statsallmenninga.

4.1 Fiskeutsetting

Sidan 2008 har Statkraft fanga vill aure til utsetjing i Tinnhølen som kompensasjon for fangst av stamfisk. I snitt er det årleg teke opp 208 aurer eit år og eldre, i 2021 vart det fanga . Vill aure frå Svinto og Bjoreio er feitfinneklipt og slept i Tinnhølen. I tillegg vart det kjøpt omlag 1000 setjefisk som også er feitfinneklipt og slept i Tinnhølen.

4.2 Prøvafiskeresultat

Det har vore gjennomført prøvafiske i Svartavasstjørn og Svartavatnet. Det vert her teke med konklusjonar/tiltak frå dei enkelte rapportane.

Svartavatnet


Som del av overvaking av resultat frå kalking vart det gjennomført prøvefiske. Innhaldet i mageprøvar frå prøvefiske er med og dokumenterer om forsuringfølsame artar er tilstades i vatnet. Det viser seg at analyse av mageinnhaldet er den mest kostnadseffektive analysemetoden å dokumentera om forsuringfølsame artar lev i vatnet.

I tillegg er prøvefiske med å gje indikasjon om endring av lengdefordeling, kvalitet og gjennomsnittsvekt som følgje av endra garnfiskereglar. Garnfiskereglane for Svartavatnet vart endra i 2016 kor det vart endre frå minste tillate maskevidde 45mm, til største tillate maskevidde 35mm.

Kalking har resultert i betre vasskvalitet som har medvirka til at meir yngel overlever og med god rekruttering som følgje. Garnfiskereglane ser ut til å ha gitt verknad på samansetjing av fiskestamma. Snittvekt frå prøvefiske viser om lag same nivå som for 2020.

Svartavasstjørn:

Prøvefisket viste ingen stor endring i fiskestamma i vatnet. Det er vanskeleg å driva eit tynningsfiske i vatn som ligg så vanskeleg tilgjengeleg. Totaluttaket vert for lågt til at det gir utslag i merkbar betre kvalitet og storleik.




4.3 Garnfiskestatistikk

Fjellstyret har selt 104 garnfiskekort, 10 stk har rapportert at dei ikkje har fiska. 12 stk har ikkje rapportert frå sitt fiske.

Det har vore lagt ned mykje tid for å prøva oppnå 100% rapportering, men det er opp til den enkelte om han vil rapportera. Fjellstyret set pris på at det vert rapportert og meiner rapportane er viktig dokumentasjon av utøving av den rett til fiske bygdafolk har i vatna i allmenningen.

Vidare er rapporteringa eit viktig grunnlag for god forvaltning av vatna.




Samla fangst målt i kg og tal aure per døgn det er fiska, viser auke sidan tidleg på 2000-talet. Den heiltrukne lina er trendline som over ein 20 års periode viser auke fangst med nær 200g per garnnatt.

Dette er tal for allmenningen samla. Truleg er det potensial for å fiska meir aure for den som har høve til det i dei fleste vatna.


Sett tilbake til midt på 2000-talet er fangststinsatsen målt i garn/ha gått ned. Det betyr at det er færre fiskarar som ligg og fiskar lenge i vatna på allmenningen.

Statistikken frå dei store viktige vatna viser eit litt ulikt bilete.




Situasjonen i Nordmannslågen synest ganske stabil, både med omfanget av fisket og utbytte. Heiltrukken tynn line viser trend for avkastning i kg.

Det er aktuelt å gjennomføra eit prøvafiske for å ha kontroll med kvalitet og rekrutteringa til vatnet.




Utbytte frå fisket i Tinnhølen er gått ned. Tinnhølen føl mønsteret i statistikken for allmenningen samla. Det er ein liten nedgang i fangstane frå dei 3 føregåande åra. Trendlina (tynn heiltrukken line) viser same utvikling over lenger tid.

Tinnhølen var varm i starten av fisket, noko som verka negativt på fisket. Stongfisket i Tinnhølen synest å ha vorte meir populært dei seinare åra. Til tider er nok dette ganske effektivt og utgjer ein del av den samla avkastinga frå Tinnhølen. Fjellstyret har ikkje tal for kva stongfisket utgjer av fangstar.



For Langavatnet er avkastinga ganske stabil, men ein nedgang i fangst og fiske sist år. Det betyr at dei som fiskar får same mengde fisk med totalt mindre tal garn. Trendlina for fangstinnsats viser og ein nedgang for statistikkperioden.



Prøvefiske i Lakjen 2019 viste for mykje småfisk og behov for tynningsfiske. Dei to siste haustane har fjellstyret hatt eit sett med tynningsgarn som kan brukast av garnfiskarar og under reinsjakta. Fangstresultata tyder på at tiltaket har fungert med auka fangstar. Tilbakemeldingane frå friskarane er og at fisken er vorte større og finare. Trendlina for avkastning viser auke for statistikkperioden.

4.4 Kalking

Svartavatnvassdraget frå Finnsberg og sør til Drageidfjorden vart kalka i 2020. Eigen rapport for overvakinga er lagt ut på fjellstyret si heimeside. Overvaking av resultat frå kalkinga har og vore gjennomført i 2021. Rapporten ligg på heimesida og omtaler resultat av prøvefiske (Svartavatnet og Svartavasstjørn), temperaturovervaking med loggarar, vassprøvehenting. Eksempelvis var samla vass temperatur gjennom eit år (målt med loggar) i 2014/15 under halvparten av det målte i 2017/18. Slike store temperaturdifferansar finn me ikkje i låglandet. Av den grunn egner høgfjellet seg spesielt godt til å overvaka klima og klimatiske trendar. Klimaet i høgfjellet er viktig for både reproduksjon og vekst av aure (Borgstrøm 2001). Temperaturmålingene viser at det er små variasjonar mellom målestasjonene innan kjerneområdet for finprikkauren. Dei mellomårlege variasjonar er imidlertid store. Store temperaturforskjeller får konsekvensar for den akvatiske faunaen. Ulik temperatur gir seg blant anna utslag i variasjonar i storleik av årsyngel, noko som igjen påverker overleving.

4.5 Anna fiskekultivering

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Fisket føregår med elektrisk fiskeapparat i Svinto og noko i Bjoreio. Aureungane vert feitfinneklipt før dei vert sett ut i Tinnhølen. Statistikken viser til tal fanga villfisk. Årleg fangar Statkraft om lag 50 stamfisk. Elles vart det satt ut 1000 einsomrig aure frå setjefiskanlegget i Simadalen.

Villfisk satt ut i Tinnhølen:

| 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 181 | 50 | 248 | 151 | 134 | 205 | 291 | 194 | 176 | 228 | 262 |

All setjefisk og villfisk slept i Tinnhølen vert feitfinneklipt. Det er ynskjeleg at fiskarane rapporterer tal feitfinneklipt fisk i fangstane.

Fjellstyret såg seg nødd til å freda øvste kulpen i Bjoreio under Tinnhøldammen for alt fiske. Grunnen til dette er at fisk vert ståande i kulpen og venta på gode nok forhold til å vandra opp fisketrappa til Tinnhølen. Fjellstyret meiner det er uheldig at denne fisken vert fiska da dette er tradisjonsbererar for å utnytta utløpet som gyteområde og at auren er utmagra etter å ha stått på elva sidan gytetida.

5. Fjellstyrehyttene

5.1 Hyttestyret

Frå hyttestyret er det kome slik informasjon;

Aktiviteten til hyttestyret i år har i hovudsak gått med til diverse vedlikehald av hytter, transport av ved til hytter og rydding / heimkjøring av søppel.

Koronasisituasjonen medførta at det vart utarbeidd reglar for bruk/utleige av hyttene og at det vart gjennomført tiltak med informasjon og utstyr på hyttene for å tilfredstilla smitteverntiltak som vart pålagd.

Krobu :

Transport av ved og gass .

Stigstuv :

Hytta vart beisa av folk frå Stigstuv. Elles transportert ved og gass.

Tinnhølen :

Transport av ved og gass, søppel heim. Lageret nyttast til lagring av ved som skal fraktast til hyttene i løpet av vinteren.

Langavasshadlet :

Transport av ved og gass, søppel heim.

Viersla :

Transport av ved og gass, søppel heim.

Heisanntjørnbu :

Det er transportert inn ved og gass. Reklamasjon på arbeid over døra er enno ikkje gjennomført.

Gamla Sandhaug :

For å retta på tett avløp frå vask, vart nytt avløpsrør frå vasken og nedsetting av kum utanfor hytteveggen utført av HF.

Transport av ved og gass , opprydding på haugen, søppel til avfallsstasjon i Simadal, utført av hyttestyret.

På førarbua er gamal torv take av, lagt nytt sutak med papp og knotteplast, lekta opp med luffing og gamal torv er lagt på att med supplering av ny torv.

6. Beiteleiga

Halne beitelag slepte 390 sau på beite. Det er ikkje kjent at sau har trekt sørover Rv7 sist sumar. Men den turre sumaren med lite snø, førte til at mykje sau var uroleg og trekte.

7. Anna

- Hardangervidda nasjonalpark feira 40 år i september. Fjellstyret vart utfordra på å laga til eit arrangement for ålmenta. Det vart arrangert aktivitetsdag på uteområdet til Norsk Natursenter, Øvre Eidfjord. Her vart det servert smakebitar frå det fjellet kan by av vilt, fisk og bær. Det var arrangert ulike aktivitetar og det var musikk som underhaldning.
Dagen etter var Dyranut og Vesle Skiftesjøen arena, kor alle frammøtte kunne prøve fiskestang og og sjå fin garnfangst.
- Fjellstyret har engasjert seg i utforming av reglane for drift av Tinnhølvengen og parkeringsplassen. Det er ynskje om å unngå for mykje camping langs vegen og at parkeringsplassen vert brukt som campingplass. Asle og Lars Kristian er fjellstyret sine representantar i styringsgruppa som er etablert for å følgja opp prosjektet.
- Fjellstyret ynskjer å leggja til rette for at villreinen skal kunna bruka meir av norvestvidda. Spesielt i forkant av kalvinga meiner fjellstyret at det er viktig at reinen får ro. Motorferdsel i utmark skal så langt det let seg gjera følgje kvista løyper og vera avslutta i god tid før kalving. Dette vert gjort for å kanalisera ferdsla og la større område vera meir i fred.
- Asle Øydvin er fjellstyret sin representant i Villreinutvalet for Hardangervidda.
- Fjellstyret har inngått avtale om tenestekjøp av underteikna for sekretærenester til mars 2024.

Med venleg helsing
Eidfjord fjellstyre

Gunnar Elnan
Prosjektleder

Kopi til arkiv

